



Sverre Ulstein (t.v.) og Bernhard Harkjerr i Hareid Rotaryklubb melder at den løpende innsamlingsaksjonen for Rotarystien vil halde fram – og at dei gjørne ser at stien får seg ei venneforening.

Treng fleire venner

Etter eit vellykka innsamlingsår vurderer Hareid Rotaryklubb å få skipa eit «Rotarystiens Venner».

NYHENDE

- Leiv Arne Grimstad

Publisert: 17.09 2015 09:15 Sist oppdatert: 17.09 2015 09:15

Det siste året har Rotary-klubben på Hareid hatt stor suksess med ein løpende innsamlingsaksjon for Rotarystien. No kan klubben også tenke seg å få skipa ei venneforening.

Det kostar å halde ved like den 4 kilometer lange turvegen, som strekker seg frå utløpsosen av Hareidselva til Snipsøyrvatnet. Den siste tida har vedlikehaldsansvaret også vorte påplussa med ei restaurert kvern og ei torvløe.

Fekk gåver på inntil 5.000

I fjor sette klubben derfor opp informasjonsskilt på kvilebenkane, der turgåarane vart inviterte til å delta i vedlikehaldsarbeidet gjennom ei pengegåve. Det vart ein suksess.

– Alle monnar dreg. Vi har fått inn både små og store summar. Den største er på 5.000,- kroner, seier Sverre Ulstein og Bernhard Harkjerr. Førstnemnde er leiar i komiteen for samfunnsnyttige tiltak i nærmiljøet og også dugnadsansvarleg for Rotarystien. Harkjerr er for tida klubbpresident.

Må hindre molda i å blande seg inn

Ulstein fortel at vedlikehaldet i hovudsak går på grusing, grøfting og klipping. I år har klubben halde tre dugnadsaksjonar. – Turstien blir stadig betre. Det er veldig mange som går der – og enkelte plassar ser vi at

armeringsteppet og plastduken som grusen kviler på er i ferd med å kome opp i dagen. Då må vi til med ny grus for å hindre molda i å blande seg inn.

Det er også ei utfordring å halde nede vegetasjonen langs stien. Dei to presiserer at alle innsamla midlar går direkte til føremålet, som er Rotarystien. – Pengane går ikkje inn i den ordinære klubbkassa, strekar dei under. Det trengs ikkje berre grus til vedlikehaldet. Også anna utstyr og arbeidsreiskapar må til for å halde stien i god stand.

Rotarystiens Venner?

Den løpende innsamlingsaksjonen vil halde fram, men i tillegg lanserer dei to ideen om å få til ei eiga venneforeining – eit «Rotarystiens Venner» – som kan støtte arbeidet med både sjølve stien og kulturminna. Mange private, ideelle tiltak har slike vennelag. Her i Hareid kjenner vi t.d. Ishavsmuseets Venner i Brandal og Vonheims Venner på Bigset. Rotarystiens Venner vil gå inn i det same mönsteret. – Så dersom nokon kan tenke seg å vere med i ei slik vennegruppe, er det berre å kontakte meg, seier Sverre Ulstein.